



Møre og Romsdal
fylkeskommune

overStiftinga Bjørndalsfondet v/Leiv Bjørndal
Vikemyra 8
6065 ULSTEINVIK

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
		2019/8375 - 79188/2019	Toril Moltubakk, 71 28 03 37	08.07.2019

Ulstein kommune - Vernefagleg uttale til Bjørndals Minde, Bjørndalsvegen 4 gbnr 8/85 Ulsteinvik

Viser til synfaring 4.6.2019.



Bjørndals Minde er eit veldig karakteristisk bygg frå 1954 midt i Ulsteinvik sentrum. Som vi les i artiklar frå Vikeposten er bruken som gymnas og bibliotek og bygget si utforming og plassering vore ein brikke i Ulsteinvik si reise frå bygd til by, og betydd mykje for mange i generasjonar.



Situasjonen i dag er ein heilt anna enn da huset vart bygd. Den gong låg huset godt synleg nede ved hovudvegen gjennom Ulsteinvik nede ved sjøen, men med hovudfasaden vendt oppover mot marka og elva på baksida. No ligg det bak kjøpesenter og Sjøgata.



Bjørndals Minde.



Arkitektonisk

Bjørndals minde er eit nyklassisistisk bygg med valmtak med vipp, symmetri markert med dei to fløyene med veranda mellom, inngangen midt på og tårnet på toppen. Bygget har trekk som minner om Skaugum. Hovudfasaden som vender oppover mot ei open mark som dels har parktrekk, og elva med murar, laksetrapp og trapp til å gå ned i. Klasseroma vender mot sjøen, og vegen. Bygget har og trekk av funkis, med det runde vindaugget, enkle detaljar og leselege funksjonar. Bygget har fått nye vindaug i metall med i hovudsak same rammedeling, og fargen skal ha vore beige-rosa, så gul før det vart om lag kvitt. Innvendig er hovuddører og trapperom opphavlege, medan klasseroma har vore modernisert. Bygget er teikna av ark. Ole Halvorsen frå Bergen.

Historisk

Ulstein realskule starta opp i 1935, og var privat, driven med offentlege tilskot frå starten. Skulen vart driven utan eigne lokale fram til Bjørndals Minde sto ferdig i 1954, med rom også til framhaldsskule. Skulen har vore i drift som gymnas og vidaregåande fram til Ulstein vidaregåande vart bygd. Seinare hra folkebiblioteket halde til i bygget fram til det flytta ut til Arena Ulstein som sto ferdig. Stiftinga Bjørndals Minde, forvaltar no eit bygg dei må finne ny bruk for. Vi let til eigar å fortelje om «Bjørndalsfondet», stiftinga som eig skulebygget og deira formål.

Vernefagleg meiner vi det har stor verdi å ta vare på Bjørndals Minde i Ulsteinvik, eit minne tilbake i tid, på ein stad med enorm vekst og utvikling, og som den akademiske institusjonen dette har vore.

Med helsing

Heidi-Iren Wedlog Olsen
fylkeskultursjef

Toril Moltubakk
rådgivar kulturvern

Dokumentet er elektronisk godkjent og krev derfor ikkje signatur

Kopi:
Ulstein kommune Postboks 143 6067 Ulsteinvik